Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. ~~Transport av höj~~

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Transport av höj

Oppskr. av: E. Tidemann

(adresse): Kjerringöj

Fylke: Nordland

Herad: Kjerringöj

Bygdelag: Os - Strandå

Gard: Os

G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige röjnsla

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. På garder der dei har hest vert höjet köjrd inn - der dei ikkje har hest vart det bore - det same anten det er husmannsplassar eller mindre bruk. Slått i utmarka er det no slutt med. Det sisste eg veit om var grenda Strandå som slog noko ute på öjane. Men i dei sisste 12-15 år er det ikkje blitt slege der heller. Det var dei mindre bruk som slog i utmarka. Dei som slog på öjene bar höjet - eller graset - til båten, rodde det heim og köjrde det til gards. Det ålmenne utmarkslått slutta for 40-50 år sidan. Har ein mann ~~k~~ utan hest heller langt å bera höjet - slik over 3 a 4 hundre meter låner han gjerne hest hjå grannen sin.

2. For 20-25 år sidan vart mest alt höjet turka på marka. No vert mest alt turka på hesje.

Dei fleste her i grenda – og gjerne i bygda – har no sleperive og med den vert graset slepa til hesja. Drag=krafta her er hesten. Han som in=gen hest har må anten bere graset eller legge det på handvogn eller på trillebåre og dra med hand=makt. Börsvolk, topp, stoge eller ringe tre vert ikkje brukt her. Dei som berer höjet (graset) brukar taug. Ei höjböra må ein få godt opp på nakken og tauget vert alltid halde over hovudet. Det mest vanlege er at beraren får hjelp til å få böra på nakken. Hjelparen står allstött attom böra. – Höjböra vert laga på den måten at beraren legg tauget dobbelt på marka med lykkja i högste lendet. På tauget legg han så höjet i kjemmar om han rakar höjet av marka eller tek höj or hesja – om det er hesjehöj han skal bera – til han har ei höjmengd på 50-60 kg. Så tek han taugendane og smöjger dei gjenom bukta, beraren og hjelparen tek kvar sin ende og riv til, og böra vert lyfta på ryggen til beraren.

Her i bygda er ikkje fjellslått no, så her vert ikkje bruka korkje snörsekk eller meis til samling av höjet. Men er så at höj vert



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

sild og skal bli sunda t.d. med båt 
vert nytta anten snörsekk eller meis.
Snörsekken er bunde av line=
snöre medan telna er noko tjukkare. I telna er festa eit snareband
Höjet vert stappa i sekken og til=
slutt snara saman med snareband
det. Ein slik snörsekk kan ta 50
a 100 kg etter som han er stor til.


Snørsekk

Meisa er og bunde
av snöre men i 2 sirkel
runde noko sekkforma
flater. Når meisa skal
bli bruka vert eine flata
lagt ner på marka (golvet)
Så seter ein höj opp på
flata — 100 – 150 opp til 200 kg — og
legg så andre flata opp på
höjet og drag så med snareband
dei to flatane saman.


1/2 meis
med 4 snareband

Telna i meisa må vera
av tjukt sterkt taug.
Både linet og telna ~~må~~
er av hamp.

Her i bygda er ikkje
bruka löjpestreng heller ikkje
kipes. — Trillebåra vert ofte bruka
når ein ikkje har handvogna. Trille=
båra er den same som vert bruka
til ~~&~~ torvskjer. Ho har allstött tver=
brett; men i dei fleste höve er tver=
brettet laga til open kasse. Höjtong
som de nemner vert ikkje bruka her.

52

3 Alt höjet vert no köjrd heim i slåtta.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

4. Höjet vart no köyrd på vogn med grinda på. Dei fleste brukar höjvogn med to hjul. Men dei 8-10 siste åra er fire-hjulvogna på og kome i bruk, så no er her ein 3-4 slike i bygda. Ei tohjulta höjvogn er 2,7m lang og 1,25m breid og tek ikring 250 kg turrhöj. Ei fire-hjulavogn er noko lenger og tek truleg 50 kg meir.

Sidan 1886 har all jorda her i Kjerringöy vore skifta og ~~kvar har~~ sidan den tid har kvar köyrd berre på si eiga mark eller på dei utlagte vegane. Som regel er det ei serskild höjvogn til höj- og kornköyring. Dei fleste brukar grind. Men ein og annan ~~brukar~~ lesser utan grind og reipar då med tong. Grinda er ei firkanta råma med to skrabånd og langstråd til nett.



Høyvogngrind – langsida

På vogn med grindar vart höjet kasta opp med höjgaffel og trödd ner av ein kar eller kvinne. Har nokon ikkje grindar må höjet bli kjema med handrive og lagt i kjema på vogna. På eit slikt lass gjekk det 12-14 kjema. Det vart rekna til 4 börder = ikring 200 kg.

Skulle det verta mykje ho-dyr om vinteren – kvigkalvar, sauelam, geitekid o l. – måtte det förste turr-höjet om sumaren bli bore inn av ei kvinne. Var



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

det ein han (mann, son, dreng)
som førde inn første turrhøyet
vart det berre hankre.

Noko folketru med det sisste lasset (høyet) har eg ikkje kjenn=skap til.

Høy- eller kornlasset vert festa med tong - høytong. Tonga er festa frame i vogna, går attover høylasset og vert festa med reip* atte i vogna. Tonga



Høylass med høytong.

er firkanta og ikring 2 m. lang 0,4 m breid. Vi reipar lasset med reip. Men ein og annan av dei eldre bruka og å jør lasset. Nokon vess måte mellom sumarlass og vinterlass er det ikkje tale om då her ikkje er høykøyring om vinteren. Vi brukar alltid berre ein hest for høyvogna

5 Her i bygda har ikkje vore fjellslått dei sisste 60 åra. Samslåtta har berre grenda Strandå hatt ute på øyane. Høyet eller graset lika dei ut i kjerner og førde det i båt heim med det same, anten som rågras eller som turrhøy.

6 Ingen slår høy no i utmarka

K. Tedeman

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM 52
BYGDØY